



Årsrapport 2021

Stord kyrkjelege fellestråd



DEN NORSKE KYRKJA
Stord kyrkjelege fellestråd

ÅRSRAPPORT 2021

Stord kyrkjelege fellesråd

Rammeområde: **Den norske kyrkja**
Delrammeområde: **Stord kyrkjelege fellesråd**
Dagleg ansvar: **Kyrkjeverja**
Målgruppe: **Innbyggjarane i Stord**

Medlemer i fellesrådet : Dag Sele, leiar (Stord)
Marit Stalheim Grimstad, nestleiar (Nysæter)
Nils Dale Elde, Stord
Jens Arne Stautland, Nysæter
Øyvind Kyvik, kommunal representant
Jørgen Knudsen, geistleg representant

Heine Kaldefoss, 1. varamedlem, Nysæter
Anders Dahl, 1. varamedlem, Stord
Karen Valvatne, 2. varamedlem, Nysæter
Kirsti Frugård, 2. varamedlem, Stord
Torbjørn Brosvik, varamedlem, kommunal representant
Olav J. Oma, varamedlem, geistleg representant

Reidar Ådnanes frå 01.01-28.02.2021 og
Liv Kari Bru frå 1. mars 2021, sakshandsamar/skrivar for fellesrådet

HOVUDMÅLSETJING:

- Ivareta administrative og økonomiske oppgåver på vegne av sokna.
- Utarbeida mål og planar for den kyrkjelege verksemda i Stord

VERKSEMD/ OMRÅDE (Jfr. Kyrjelova § 14 og Gravferdslova § 3)

Kyrkjeadministrasjon, økonomi-, personal- og planarbeid, kyrkjebygg og gravplassar i Stord og Nysæter sokn.

RESULTATMÅL FOR ÅR 2021

1. Kyrkjebygg og gravplassar skal vera ei verdig ramme kring kyrkjelege handlingar og annan aktivitet som kjem inn under kyrkja si verksemd. Dei skal ha ein praktisk funksjon og bli forvalta på ein forsvarleg og tenleg måte.
2. Gode rammevilkår for kyrkja. Det skal vera samsvar mellom ressursar som økonomi, utstyr, personale og dei oppgåver som kyrkja skal løysa ut frå lovverket og lokale mål og forventningar.
3. Utvikla godt samhald og samarbeid både internt i kyrkjeorganisasjonen i Stord, mellom kyrkja i Stord og kommunen, staten, andre kyrkjelege fellesråd samt frivillige organisasjonar og einskildpersonar.

I 2021 hadde Stord kyrkjelege fellesråd 5 (5) møte og handsama i alt 48 (51) saker. Møtebok frå samtlege møter er å finna på www.stordkyrkja.no

Kyrkjer og gravplassar

STATISTIKK

Kyrkja i Stord driv ei stor verksemd som på ulike måtar har alle Stord sine ca. 18 900 innbyggjarar som målgruppe. Kyrkjene har vore i bruk til dei aktivitetane som kyrkjelyden, biskopen og sokneråda har ynskt.

Tekst	Tal Stord	Tal Nysæter	Sum
Gudst. og arr. med gudstenesteleg karakter	119 (93)	64 (56)	183 (149)
Besøktal på gudstenestene ovanfor	7457 (6915)	3186 (3098)	10643 (10013)
Gravlagde på gravplassane i Stord kommune	97 (84)	15 (16)	112 (100)
Døpte	119 (104)	30 (21)	149 (125)
Vigde (bryllaup)	11 (14)	2 (2)	13 (16)
Konfirantar	118 (127)	33 (34)	151 (161)

Tal i parantes gjeld 2020. Komplette kyrkjeleg årsstatistikk 2021 er utarbeidd og sendt til Statistisk Sentralbyrå. Statistikken er også tilgjengeleg på Stord kyrjekontor. Både 2021 og 2020 var prega av koronarestriksjonar og såleis ikkje heilt samanliknbare med andre år.

Talet på gravlagde på gravplassane + utlevert til oskespreiing i Stord kommune:

Stord

År	Kiste	Urne	Totalt
2021	69	26 + 2 (oskespreiing)	97
2020	56	27 + 1 (oskespreiing)	84
2019	70	38	108
2018	75	27 + 2 (oskespreiing)	104

Nysæter

År	Kiste	Urne	Totalt
2021	11	3 + 1 (oskespreiing)	15
2020	13	2 + 1 (oskespreiing)	16
2019	15	2	17
2018	16	3	19

Det finst eigne årsrapportar for kyrkjelydsarbeidet både frå Stord sokneråd og Nysæter sokneråd.

Sokneråda sine årsrapportar kan ein få på kyrkjekontoret.
Den offisielle kyrkjelege årsstatistikken for Stord prestegjeld ligg føre f.o.m. 15. februar kvart år.

DEN DAGLEGE DRIFTA

Stord kyrkje.

I 2019 var samtlege 7 ytterdører i Stord kyrkje skifta ut med nye eikedører (kopiar av dei gamle). Diverre viste det seg at dørene ikkje held den forventade kvaliteten. Dørene trekte vatn når det regna, og trutna som ein konsekvens av dette. Tidvis var nokre av dørene vanskeleg å opna og lukka. Stord kyrkjelege fellesråd har gjennomført ein reklamasjonsprosess i forhold til både hovedentreprenør og underleverandør. Me fekk hausten 2020 utarbeidd ein grundig tilstandsrapport (frå AKASIA rådgjeving) . Sommaren 2021 fekk me sett inn nye dører som skal tola dei klimatiske tilhøva der kyrkja står. For tida vert det arbeidd med å få på plass avtale om årleg vedlikehald av dørene.

Vidare rehabilitering Stord Kyrkje.

I 2021 har det vore jobba mykje med det elektriske anlegget. Ny utebelysning er på plass og nødvendig oppgradering/utskifting inne i kyrkja har blitt utført.

Den utvendige rehabiliteringa vart avslutta i 2010 utan fullgodt resultat. Trongen for å ta opp att dette arbeidet viser seg stadig tydelegare. Det er fuktinntrenging , særleg rundt vindauga på sørsida. Me har fått utarbeidd ein grundig tilstandsrapport (AKASIA) som avdekkar trong for store vedlikehaldsoppgåver. Den totale kostnaden ved renovering av yttervegger, vindaugo og takrenner er anslått til ca 20 mill. Med ei første prioritering (sørsida) på ca 6, 5 mill. Stord kommune har mutleg lova pengar til dette prosjektet, fordelt over fleire år. Arbeidet med å finansiering og gjennomføring skulle vore starta i 2021.

Pga covid-19 situasjonen og utfordringar med å få på plass prosjektleiar, er dette prosjektet utsett til 2022.

Nysæter kyrkje

Det store prosjektet i 2020 var nye stolar til kyrkja. Dei vart leverte i januar 2021. Kostnaden på i underkant av 1 mill vart belasta investeringsbudsjettet for 2020.

Kyrkjelydshus, Stord sokn

Våren 2019 fekk Stord sokn/Stord kyrkjelege fellesråd tilbod frå kyrkjelyden Ebeneser om å kjøpa Fredheim, *Fredheim, Gnr 27:Bnr 70 i Hystadvegen.*

Det vart stifta ein eigen organisasjon, Kyrkjestova Fredheim. Denne organisasjonen fekk tilbod om eit privat lån som gjorde det mogleg å kjøpa Fredheim på seinsommaren i 2019. I 2021 var dette lånet innfridd og Kyrkjestova fekk innvilga lån av Stord kyrkjelege fellesråd.

Forholdet mellom Stord sokn/Stord kyrkjelege fellesråd og Kyrkjestova Fredheim er regulert i eigen avtale.

Me viser til Kyrkjestova Fredheim sin eigen presentasjonsbrosjyre og årsmelding.

Styreleiar for Kyrkjestova Fredheim er Dag Sele.

Gravplassane

Antal gravferder i Stord og Nysæter var høgare i 2018 og 2019 samanlikna med 2020 og 2021.

Med utgangspunkt i antal innbyggjarar i Stord kommune er det likevel grunn til å tru at dette talet vil vera aukande det komande tiåret. I Stord reknar me med at Frugarden byggetrinn I vil dekkja behovet for kistegraver fram til 2028. Då må byggetrinn II vera fullført.

I Nysæter er behovet dekkja for mange år framover.

Både Stord og Nysæter har rikeleg tilgang på urnegraver.

Stord kyrkjelege fellesråd fekk i 2021 kr 400 000 i korona-midlar frå Stord kommune for å asfaltera gangveggar og parkeringsplassar knytta til Øvre gravplass.

Prosesjonsveg frå Stord kyrkje.

Stord kommune sine planar om prosesjonsveg frå Stord kyrkje fram til gravplassane Frugarden, Midtre og Øvre er framleis i utgreiingsfasen. Kostnad for denne ligg i investeringsbudsjettet til kommunen (utanom investeringar til Kyrkja) med i alt 12 mill. Reguleringsplan for området. er enno ikkje endeleg vedteken.

Personal / Organisasjon

Tilsette pr. 31.12.2021	Personar 2021	Årsverk 2021	Personar 2020	Årsverk 2020	Personar 2019	Årsverk 2019
Fast tilsett	18	13,47	18	12,5	19	13.37
Mellombels tilsett	0	0	1 (5 mnd)	0,3	0	0
Vakant stilling	0	0	1 (5 mnd)	0,4	0	0
Prestar (ikkje tilsette i fellesrådet)	5*	3,5*	5*	3,5*	5*	3,5*
Permisjon	0	0	0	0	0	0
* To sokneprestar + 1 prostiprest + tenester frå andre etter behov.						

- I tillegg til årsverk kjem **vikarar** for kontorar, kyrkjetenar og gravplassarbeidarar = ca eitt årsverk.
- **Uløna medarbeidarar** utgjer mellom 120 og 160 personar (mellom anna innan diakoni, undervisning og kyrkjelydsarbeid).
- **Åse Selsvold** Slutta i stilling (40 % trusopplæring og 60 % i resepsjon/ administrasjon)
- **Brynhild Meyer Stautland** avslutta som mangeårig kyrkjelydspedagog og gjekk over i stillinga etter Åse Selsvold i resepsjonen (60 %)
- **Anne Brandvik Nilsen** Fekk utvida stilling frå 70 til i 90 % stilling som kyrkjelydsarbeidar i trusopplæringa frå 01.08.2021. Auken i 20 % er vikariat for Jørgen Knudsen i konfirmentarbeidet.
- **Ingvild Baugstø Almås** vart tilsett i 100% stilling som kyrkjelydspedagog frå 01.08.2021.

SJUKEFRÅVER

2017	2018	2019	2020	2021
6,50 %	12,86 %	8,17 %	9,45 %	5,19

Me er takksame for at sjukefråveret har gått ned og vil arbeida for at dette skal halda fram.

Økonomi /budsjett

Rekneskapen syner eit overskot i drifta for 2021 på kr. 52.430,-

Løn og sosiale utgifter er den største kostnaden og utgjorde i 2021 kr. 10 168 402,- (2020 kr. 9 016 225,-) Bispedømerådet gjev lønstilskot til kateket /kyrkjelydspedagog (nesten 100 %), soknediakon (nesten 50%) og kjøp av sekretærtenester for prosten (25 %). I tillegg vert 20 % av lønutgiftene for kyrkjelydsarbeidar refundert av bispedømerådet og 40 % av eine gravplassarbeidarstillinga refundert frå NAV.

Mottekne prosjektmidlar frå BDR til trusopplæringa var kr 1 369 876,- .

Summen skal dekkja lønsutgifter for 1,7 stillingar + driftsutgifter i trusopplæring.

I investeringsbudsjettet er det sett 1 mill pr år til rehabilitering/ vedlikehald av begge kyrkjene. Som vist ovanfor er dette langt frå nok til å gå i gang med det store renoveringsprosjektet.

Stord kommune er rekneskapsførar for kyrkja. KPMG utfører revisjonen.

Rammetilskot til fellesrådet frå Stord kommune var i 2021 kr 8 630 753,- (2020 kr. 8 408 186,-)..

Stord kommune har i fleire år hatt ei ordning der meirkostnadane med kremasjon vert refundert av kommunen. Gjennom denne ordninga har kostnadane vore like høge enten pårørande velgjer kremasjon eller kistegravferd. Årleg avsett sum til formålet har heilt sidan opptarten vore 90.000 i det kommunale budsjettet.

Det er ikkje tvil om at dette har vore ein medverkande årsak til at fleire velgjer kremasjon i Stord. Stord kommune løyvde også i 2020 kr. 90.000 i kremasjonstønad. Sidan antal kremasjonar er aukande, vert tildelingssummen lågare pr. kremasjon. I 2021 vart kvar kremasjon subsidiert med kr. 2.250,-. Dette utgjør ca 40 % av meirkostnadane med kremasjon.

Stord kyrkjelege fellesråd viser elles til driftsrekneskap 2021 og investeringsrekneskap 2021 inkl. egne prosjektrekneskap.

Utfordringar og utvikling

KONKRETE OPPGÅVER / UTFORDRINGAR FRAMOVER

- Rehabilitering Stord kyrkje. Finansiering og gjennomføring.
- Byggetrinn II, Frugarden gravplass.
- Større rammetilskot frå kommunen
 - øyremerka utviding av antal årsverk på gravplassane i tråd med auka gravplassareal samt midlar til fornying og utviding av maskinparken.
 - det er behov for eit høgare tilskot til drifta av kyrkja generelt.
- Samarbeid mellom fleire kyrkjelege fellesråd i regionen
- Vidare utvikling av rehabiliteringsprogrammet for Stord kyrkje. Finansiering og gjennomføring
- Praktisk og økonomisk gjennomføring av trusopplæringsplanen som er under revidering.
- Kyrkjelydshus og toalett ved Stord kyrkje. Finanisering og bygging.
- Fleire uløna medarbeidarar til ulike oppgåver i kyrkjelydane våre.
- Ny kyrkjeordning ventar. Kven skal ha personalansvaret ? Korleis skal kyrkja finansierast. ?
-

Til slutt....

Stord kyrkjelege fellesråd er oppteken av å sikra gode rammevilkår for kyrkja si verksemd i Stord.

Fellesrådet prioriterer framleis eit nært og godt samarbeid med Stord kommune, mellom anna gjennom tenesteyting / tenestekjøp.

Fellesrådet vil hjelpe til og leggja til rette for (ref. Kyrjelova §14) at sokneråda kan nå dei måla som er sett for arbeidet (ref. Kyrjelova §9). Dette søker fellesrådet å oppnå ved å tileigna seg kompetanse og økonomisk handlefridom i kyrkjeorganisasjonen, og ved tiltak som skaper "aktivt engasjement og stadig fornying" (Kyrjelova §1) i kyrkja i Stord.

Fellesrådet ynskjer å styrkja og vidareutvikla kyrkja i Stord som ein god arbeidsplass, prega av tryggleik, trivsel, involvering, god motivasjon, samhald og felles fokus gjennom å ta vare på medarbeidarar og gje høve til utvikling og vekst, både fagleg og personleg.



Stord, 15. juni 2022
For Stord kyrkjelege fellesråd

Dag Sele
Leiar i Stord kyrkjelege fellesråd

Liv Kari Bru
Kyrkjeverje/dagleg leiar